



Brev til kommunane - nokre tema ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova, naturmangfald, naturfare, konsekvensutgreiingar og oversending av klagesaker

1. Innleiing

Hovudformålet med dette brevet er å klargjere nokre tema og problemstillingar for saker etter plan- og bygningslova, som får betydning for vår praksis ved handsaming av klagesaker.

Vi ønskjer i punkt 2 å klargjere vår handtering av *avgjerder som påverkar naturmangfaldet*, der prinsippa i naturmangfaldlova gjeld, og å rettleie om denne lova.

Vi har fått svar frå Kommunal- og distriktsdepartementet om *dokumentasjon om naturfare i byggesaker*. Vi har lagt ved brevet, og knyter nokre kommentarar til dette i punkt 3.

Vidare tek vi i punkt 4 opp nokre problemstillingar knytt til *konsekvensutgreiing i plansaker*.

I punkt 5 minner vi om plikta kommunen har til å sjå til at planar er oppdaterte.

Vi nemner til slutt i punkt 6 korleis vi ønskjer at oversending av alle klagesaker etter plan- og bygningslova skal gjerast.

2. Naturmangfaldlova

2.1. Naturmangfaldlova

2.1.1. Generelt

Dei siste åra er krava til praktisering av prinsippa i naturmangfaldlova som sakshandsamingsreglar vorte klarare, mellom anna gjennom fleire fråsegner frå Sivilombudet¹. Dette har påverka for vår praksis ved handsaming av klagesaker. I dette brevet vil vi ta opp nokre sentrale punkt om sakshandsaminga etter naturmangfaldlova.

Vi klargjer at prinsippa i naturmangfaldlova er sakshandsamingsreglar, som gjev retningslinjer for sakshandsaminga. Vi viser samanhengen mellom naturmangfaldlova og dei generelle krava til

¹ [Naturmangfold i kommunale plansaker - Sivilombudet](#)



sakshandsaming i forvaltningslova, altså om krav til opplysning av saka gjennom kunnskapsgrunnlaget, om vurderinga etter naturmangfaldlova, og om kravet til grunnngjeving i slike saker. Vi nemner også nokre problemstillingar som gjeld i plansaker og byggjesaker. Vi klargjer korleis vi vil prøve slike saker i klageomgangen.

Formålet med naturmangfaldlova (nml.) er at *«naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur»*, jf. lova § 1.

I nml. §§ 8-12 er det stilt opp fleire miljøprinsipp som skal takast omsyn til ved offentlege avgjerder:

- § 8 stiller krav til kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for avgjerdene
- § 9 stiller opp et «føre-var-prinsipp»
- § 10 seier at påverknaden på eit økosystem skal vurderast ut frå den *«samlede belastningen»* systemet er eller vil bli utsett for
- § 11 bestemmer at tiltakshavaren skal bere kostnadene ved å hindre eller avgrense naturskadane ved tiltaket
- § 12 krev at ein prøver å unngå eller avgrense skadane på naturmangfaldet gjennom val av driftsmetodar, teknikk og lokalisering

2.1.2. Prinsippa i naturmangfaldlova er retningslinjer

Det følgjer av nml. § 7 første punktum at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Det vil seie at desse prinsippa er sakshandsamingsreglar, og at reglane ikkje er sjølvstendige heimlar for løyve, avslag eller pålegg. På plan- og bygningslovsområdet er det difor reglane i plan- og bygningslova som heimlar løyve, avslag, pålegg, eller utarbeiding av reguleringsplan.

Det at reglane i naturmangfaldlova §§ 8-12 er retningslinjer som skal nyttast i tillegg til reglane i plan- og bygningslova, betyr at det er mogleg å gjere vedtak etter plan- og bygningslova som medfører skade på naturmangfaldet, dersom andre interesser veg tyngre. Avgjerda i ei sak vil vere resultatet av ei interesseveging, der omsynet til naturmangfaldet vil vere ei viktig interesse som må vegast opp mot interessa i å gjennomføre tiltaket.

Naturmangfaldlova set difor krav til at kunnskapsgrunnlaget er godt, slik at kommunen veit kva verdiar som kan verte råka. Vidare vil prinsippa i naturmangfaldlova medføre at grunnngjevinga må vise kva vedtaket inneber, kva interesser som er vurderte og lagt vekt på, og at avgjerda som vert teken, skjer ut frå kunnskap om konsekvensane vedtaket kan få.

2.2. Opplysning av saka - kunnskapsgrunnlaget, nml. § 8

2.2.1. Generelt

Det følgjer av forvaltningslova § 17 at ei sak skal vere så godt opplyst som mogleg før det vert gjort vedtak. Regelen om kunnskapsgrunnlag i nml. § 8 kjem i tillegg, som ein utfyllande regel om krav til opplysning av saka.

«§8. (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.



Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

Kravet som vert stilt til kunnskapsgrunnlaget følgjer av naturmangfaldlova § 8. Kommunen har plikt til å ta stilling til om kunnskapsgrunnlaget er godt nok på tidspunktet for vedtak. Statsforvaltaren har full prøvingsrett og -plikt i klagesakene, og har ansvar for å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er godt nok før det vert gjort vedtak i klagesaka. Dersom det kjem ny kunnskap mellom vedtaket i kommunen og klagevurderinga hjå Statsforvaltaren, skal Statsforvaltaren vurdere denne kunnskapen.,

Hovudregelen er at naturmangfaldlova § 8 stiller krav om å vurdere *eksisterande* kunnskap, og at ho ikkje stiller krav til innhenting av ny kunnskap. Likevel følgjer det av naturmangfoldlova § 8 første ledd siste setning at «*[k]ravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*»

For å finne kva som er «rimelig», må ein ifølgje lovforarbeida vege kostnadene ved å skaffe eit vitskapleg avgjerdsgrunnlag opp mot kva type sak det gjeld og mogleg miljøpåverknad på den andre sida.

I rettleiar frå Klima- og miljødepartementet om naturmangfaldlova kapittel II, punkt 6.6.1 står det mellom anna følgjande om rimelegheitsvurderinga i § 8 og om når ein må hente inn ny kunnskap:

«I denne rimelighetsvurderingen må man blant annet vurdere:

- hvor store er de potensielle effektene på naturmangfoldet*
- har man indikasjoner på at man mangler kunnskap*
- omfanget av og verdien av tiltaket (økonomien i prosjektet)*
- kostnadene ved innhenting av ny kunnskap*
- hvor mye kunnskap som allerede foreligger/er innhentet*

Basert på disse momentene, vil innhenting av ny kunnskap særlig være aktuelt ved tiltak med et visst skadepotensial der det foreligger indikasjoner på at tiltaket vil få negative konsekvenser for nærmere angitt truet natur.

.....

Hvis det ikke foreligger tilstrekkelig kunnskap om naturmangfold og/eller effekter på naturmangfold, følger det av føre-var-prinsippet at det skal tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. I en slik situasjon bør forvaltningen vurdere å informere tiltakshaver om at det kan være bedre å innhente mer informasjon for å utelukke en usikker følge.»

Sivilombudet har i sak 2024/1708² sagt følgjande:

«Dersom det foreligger arter og naturverdier av nasjonal eller særlig viktig regional interesse, vil kravene til kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfoldloven § 8 skjerpes, jf. § 8 første ledd andre punktum.»

² [Mangelfullt kunnskapsgrunnlag og vurdering etter naturmangfoldloven – reguleringsplan for hytteutbygging i Sørskogen - Sivilombudet](#) – avsnitt 62.



I punkt 3.8 i rundskriv T-2/16 «*Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*»³ finn ein informasjon om kva artar og naturverdiar som er av nasjonal og særleg viktig regional interesse.

Kommunen må vurdere om kunnskapsgrunnlaget som finst stettar behovet for kunnskap i saka. Dersom kunnskapsgrunnlaget er av eldre dato, er det særleg grunn for kommunen til å vurdere om det treng oppdaterast.

2.2.2. Særskilt om reguleringsplanar

I reguleringsplansaker vil vurdering av kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova gjelde saman med reglane om utgreiing i plan- og bygningslova kap. 4, plan- og bygningslova § 12-10 og konsekvensutgreiingsforskrifta. Desse vil saman vere styrande for om saka er godt nok opplyst og utgreidd. Der det er utarbeidd konsekvensutgreiing (KU) av naturmangfaldet, fyller denne som regel krava til kunnskapsgrunnlag i nml § 8.

Det er likevel skilnader mellom regelverka. Det kan vere tilfelle der KU for ein reguleringsplan er gjennomført, og ein i ettertid ser at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet bør oppdaterast. Det kan då vere at sjølve KU-regelverket ikkje gjev grunnlag for å påleggje tiltakshavaren eller framleggsstillaren å vurdere om kunnskapsgrunnlaget kan ha endra seg, men at nml. § 8 pålegg forvaltningsorganet å leggje til grunn eksisterande kunnskapsgrunnlag. Det betyr at kommunen ikkje utan vidare kan leggje til grunn ei eldre konsekvensutgreiing.

Utgangspunktet er at ein følgjer kommuneplanen ved utarbeiding av reguleringsplanar, og systemet i plan- og bygningslova legg opp til dette. Det er likevel verdt å merke seg at kommunen ikkje er bunden til å følgje kommuneplanen i reguleringa. Til dømes kan eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet tilseie ei anna vurdering, det er gjeve nye rikspolitiske planretningslinjer eller politiske vurderingar kan vere endra. Sivilombodet har i si sak 2024/1708 sagt følgjande om dette:

«En kommune er ikke bundet til å vedta en reguleringsplan for å følge opp en utvikling som er forutsatt eller lagt til rette for i kommuneplanens arealdel. En endring av en planlagt arealdisponering kan for eksempel være begrunnet i at et oppdatert kunnskapsgrunnlag tilsier en annen vurdering, eller at det har skjedd endringer i politiske vurderinger. Slike endringer kan som hovedregel foretas uten at det fører til noe krav om økonomisk kompensasjon fra eventuelle tiltakshavere, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007- 2008) side 36. Se også sivilombudets uttalelse 20. desember 2024 (SOM-2024-1117), avsnitt 30, med videre henvisninger.»

Kommunen er planmyndigheit, og kan til kvar tid vurdere om ein vil gå vidare med eit planframlegg eller ikkje. I dei tilfella der kommunen ikkje vil gå vidare med eit reguleringsforslag, er det ikkje klagerett for forslagsstillaren, sidan avgjerda om ikkje å gå vidare med planen ikkje er eit enkeltvedtak. Det er heller ikkje er høve til å klage på kommunen sitt avslag på framlegg om å gjere endring i reguleringsplanen.

2.2.3. Særskilt om byggjesaker

For byggjesaker må ein vere merksam på at det er uttømmende regulert kva som skal til for at ein søknad er fullstendig. Kommunen kan berre krevje den dokumentasjonen som følgjer av pbl. § 21-2 og byggesaksforskrifta § 5-4. Ein søknad i byggjesak kan derfor ikkje avvisast som ufullstendig, dersom han fyller krava i pbl. § 21-2 og SAK 10 § 5-4, sjølv om kommunen meiner at kunnskapsgrunnlaget etter nml. § 8 ikkje er godt nok.

³ [Miljøforvaltningens innsigelsespraksis](#)



Vidare må ein merke seg at tiltakshavaren i enkelte saker kan ha krav på løyve. Pbl. § 21-4 slår fast at «Når søknaden er fullstendig, skal kommunen snarest mulig og senest innen den frist som framgår av § 21-7, gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.» I tilfella der tiltaket er i tråd med gjeldande reguleringsplan, og søknaden er fullstendig etter pbl. § 21-2 og byggesaksforskrifta § 5-4, har ikkje kommunen heimel til å avslå tiltaket. Dersom kommunen kjem til at kunnskapsgrunnlaget etter nml. § 8 ikkje er tilstrekkeleg i ei slik sak, har kommunen høve til å leggje ned mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 13-1, innanfor fristane som gjeld for dette. Dersom prinsippet i naturmangfaldlova § 8 ikkje er oppfylt, bør kommunen vurdere dette for å sikre at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet er forsvarleg, jf. også fvl. § 17 og pbl § 12-4 siste ledd. Sjå nærmare om problemstillinga knytt til pbl. § 12-4 under punkt 5.

I andre byggjesaker, der tiltakshavaren ikkje har krav på løyve, til dømes ved ein dispensasjon, vil prinsippa i nml. gjelde fullt ut, ved at manglar i kunnskapsgrunnlaget kan tilseie at saka ikkje er godt nok opplyst, slik at ein ikkje kan grunngje godt nok at vilkåra for dispensasjon eller løyve er oppfylt.

2.3. Vurderinga etter naturmangfaldlova

Vurderingar etter prinsippa i naturmangfaldlova skal gjerast sjølvstendig i kommunen, og hjå Statsforvaltaren i klagehandsaminga.

2.3.1. Kor grundig skal vurderinga vere?

Miljøverndepartementet kom 06.10.2011 med ei fråsegn om korleis saker om plan- og bygningslova og naturmangfaldlova skal handsamast og vurderast:⁴

«jo mer og verdifullt naturmangfold som berøres, desto grundigere må saken vurderes etter loven».

.....

Alle planvedtak etter plan- og bygningsloven bygger på en interesseavveining. Hvilken vekt prinsippene i §§ 8-12 i naturmangfoldloven, sammen med forvaltningsmålene i § 4 og § 5 blir tillagt i denne avveiningen, avhenger av hvilke naturmangfoldverdier som finnes, i hvilket omfang de vil bli berørt og av andre hensyn i saken. For å sikre mest mulig ensartet forvaltning i tråd med prinsippene, kreves det i § 7 i naturmangfoldloven at vurderingen og vektleggingen av prinsippene skal framgå av beslutningen. Det innebærer en plikt til å synliggjøre hvordan prinsippene er vurdert i den enkelte sak, i hvilken grad de er relevante, og hvilken vekt de er tillagt. Dersom planvedtaket berører naturtyper som er truet eller nært truet på Norsk Rødliste for arter 2010 eller verdifulle arter Norge har et særlig ansvar for, skal prinsippene i §§ 8-12 tillegges større vekt.»

2.3.2. Naturmangfaldlova § 9

Naturmangfaldlova § 9 stiller opp føre-var-prinsippet:

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

⁴ 1 Planjuss 1/2012 side 4,

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kdd/nyhetsbrevfrakmd/planjuss/planjuss-12012/id669326/>



Prinsippet er aktuelt å bruke når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva ei avgjerd vil ha for naturmiljøet. I desse tilfella skal ein ta sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmiljøet. Andre setning slår fast at usikre konsekvensar ikkje må brukast som grunngeving for å utsetje eller unnlata å gjere forvaltningsvedtak, til dømes vedtak om å beskytte naturen, der det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

2.3.3. Naturmangfaldlova § 10

Naturmangfaldlova § 10 pålegg kommunen å vurdere påverknad av eit økosystem ut frå samla belastning. Her kan ein sjå avgjerda saman med andre tilsvarande tiltak, men også andre typar tiltak og andre påverknadsfaktorar.

Den geografiske avgrensinga av vurderinga av den samla belastninga, kjem an på kva naturmangfald som er trua. Ein villreinstamme vil ha eit stort geografisk utbreiingsområde, og vurdering av samla belastning for denne kan då omfatte større område enn vurdering av til dømes ein særskild lokal førekomst av ei plante. Forvaltningsmåla for artar jf. nml. §§ 4 og 5 vil få betydning for om vurderinga bør omfatte eit større område.

Ein kan sjå vedtaket i samanheng med tidlegare påverknad og moglegheit for framtidig påverknad, til dømes om det er fleire søknader eller planar til handsaming, som vil verke saman med avgjerda ein vurderer. For vurdering av framtidige påverknader må det vere sannsynlegheitsovervekt for at den framtidige påverknaden vil skje.

2.3.4. Naturmangfaldlova § 11

Naturmangfaldlova § 11 slår fast følgjande:

«Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.»

Regelen er ei retningsline, og er dermed ikkje ein lovheimel for å påleggje kostnadsdekking. Heimelen for at tiltakshavaren/framleggsstillaren dekker avbøtande tiltak, må finnast ein annan stad, til dømes i heimel for planføresegner i plan- og bygningslova § 12-7, eller i vilkårsreglar, anten lovfesta, til dømes i plan- og bygningslova § 19-2 første ledd, eller i den ulovfesta vilkårslæra, som kjem til uttrykk i den nye forvaltningslova § 41 (som ikkje er i kraft enno).

2.3.5. Naturmangfaldlova § 12

Naturmangfaldlova § 12 slår fast følgjande:

«For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»

Regelen kombinerer ifølgje forarbeida prinsippet om best teknikk og prinsippet om best lokalisering. I uttrykket «teknikk» ligg til dømes kva metodar som vert brukte. På same måte som § 11, er § 12 ei retningsline, og er difor ikkje sjølvstendig heimel for pålegg. Heimelen må finnast annan stad, til dømes i vilkårsreglar, anten lovfesta eller i den ulovfesta vilkårslæra, eller i heimel for planføresegner.

2.4. Krav til grunngeving

2.4.1. Generelt



Fvl. § 24 første ledd slår fast at «[e]nkeltvedtak skal grunngis». Dei krava som vert stilte til innhaldet i grunngjevinga, går fram av fvl § 25. Grunngjevinga «skal vise de reglene vedtaket bygger på» og begrunnelsen skal «gjengi innholdet av reglene vedtaket bygger på» dersom det er nødvendig for at partane skal vere i stand til å forstå vedtaket. I tillegg vert det slått fast at «[h]ovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av det forvaltningsmessige skjønn, bør nevnes.»

2.4.2. Naturmangfoldlova utfyller det generelle kravet til grunngjeving

Krava til grunngjeving i forvaltningslova § 24 og 25 vert utdjupa av prinsippa i naturmangfoldlova.

Når det gjeld handsaming av prinsippa etter naturmangfoldlova, så skal vurderingane ifølgje nml. § 7 «fremgå av beslutningen». Inge Lorange Backer skriv i *Naturmangfoldloven Kommentartutgave* (2010) på s. 86 om naturmangfoldlova § 7 og grunngjeving:

«Annet punktum bestemmer at det skal fremgå av beslutningen hvilken rolle prinsippene i §§ 8 til 12 har spilt for avgjørelsen. Etterlevelse av dette kan både sikre at de faktisk får betydning, og gi grunnlag for kontroll med at det skjer. For enkeltvedtak betyr annet punktum et spesifikt tillegg til de generelle krav til begrunnelse for vedtaket som fvl. § 25 stiller.»

Det er viktig at de utøvende myndighetene lojalt følger opp lovgivers krav etter naturmangfoldloven. Krav til begrunnelse oppfordrer til større grundighet og nøyaktighet ved behandling og avgjørelse av saken, noe som i neste omgang vil føre til flere materielt sett riktige avgjørelser.

Sivilombudet har i si fråsegn i sak 2022/3102, i avsnitt 43 sagt at også veginga mot andre omsyn skal komme fram i grunngjevinga:

«Kravet i naturmangfoldloven § 7 innebærer altså ikke bare at det skal fremgå at de aktuelle prinsippene er vurdert, men også hvilken vekt disse skal ha i den interesseavveiningen som skal gjøres i vedtak om reguleringsplaner. Det innebærer at prinsippene skal vektes mot de andre hensynene som gjør seg gjeldende i plansaken.»

Det følgjer av rettleiaren frå Klima- og miljødepartementet *Naturmangfoldloven kapittel II*, kapittel 5.6 at det viktigaste er at det går fram av innhaldet i vedtaket at prinsippa i naturmangfoldlova er vurderte:

«Det er ikke krav om at vurderingene skal fremgå av selve enkeltvedtaket eller selve forskriften. Vurderingene skal fremgå av avgjørelsesdokumentet som leder frem til enkeltvedtaket eller forskriften (premissene for vedtaket) ...

... Det skal fremgå av beslutningen at man har vurdert prinsippene. Innholdet i vurderingene må også fremgå av beslutningen. Begrunnelsesplikten skal fremme åpenhet og etterprøvnbarhet. Man skal kunne se i hvilken grad naturmangfold har påvirket resultatet. Hvis man velger å tillate et tiltak på bekostning av natur eller man velger å nekte eller begrense et tiltak til fordel for natur, skal dette fremgå av premissene for vedtaket.

Det er ikke nødvendig å gjengi innholdet av bestemmelsene i §§ 8 til 12. Loven krever heller ikke at man skriver eksplisitt at man har vurdert prinsippene i §§ 8 til 12. Det er nok at det fremgår klart av innholdet.»

2.5. Vår prøving i klagesaker



Vi har i dette brevet gitt informasjon om naturmangfoldlova i handsaminga i kommunen. Statsforvaltaren skal prøve sakshandsaminga etter naturmangfoldlova i klagesaker.

Statsforvaltaren skal prøve om kunnskapsgrunnlaget er godt nok på tidspunktet for kommunens vedtak, og på tidspunktet for Statsforvaltarens vedtak. Det siste kjem fram i fråsegn frå Sivilombudet i sak 22/3102. Dersom Statsforvaltaren kjem til at kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg for å vurdere naturmangfoldet, vert saka mest sannsynleg oppheva.

Dersom Statsforvaltaren kjem til at naturmangfoldsvurderinga ikkje kjem godt nok fram i vedtaket og/eller det går fram av samanhengen at kommunen ikkje sjølv har teke stilling til saka og gjort ei interesseveging der naturmangfoldsinteressene har vore vurderte, vil vi vurdere oppheving av vedtaket.

I prinsippet har Statsforvaltaren høve til å «reparere» feil ved kommunens vedtak, til dømes dersom det ikkje er godt nok grunngjeve.

Dersom Statsforvaltaren i klagesaker som gjeld reguleringsplan kjem til at prinsippa i naturmangfoldlova ikkje er følgde frå kommunen si side, vil vi som hovudregel oppheve vedtaket frå kommunen, framfor å reparere feila i klageomgangen. Dette er fordi spørsmål om arealbruk i eit område i stor grad er opp til det kommunale skjønnet, og det er viktig at kommunen som planmyndigheit gjer vurderingane og interesseveginga sjølv. Slik blir det også ei reell to-instanshandsaming av sakene dersom det kjem inn klager.

For byggesaker vert det ei meir konkret vurdering ut frå omstenda i saka.

For alle saker gjeld regelen i forvaltningslova § 41, som seier at vedtaket likevel er gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket.

2.6. Rettskilder

Vi viser til følgjande rettskilder som kan vere til nytte i sakshandsaminga:

- Lovforarbeida - [Ot.prp.nr.52 \(2008–2009\)](#)
- Naturmangfoldloven, kommentarutgåve (2010), Inge Lorange Backer
- Rettleiar frå miljø og klimadirektoratet; [Naturmangfoldloven kapittel II](#)
- Sivilombudet har gitt fleire fråsegner om naturmangfoldlova; [Naturmangfold i kommunale plansaker - Sivilombudet](#)

3. Naturfare – plan- og bygningslova § 28-1

3.1. Rettleiing frå Kommunal- og distriktsdepartementet

På førespurnad frå Statsforvaltaren i Vestland har Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gitt rettleiing om handsaming av klagesaker der dokumentasjon av naturfare etter utgjer ei problemstilling utan at det har kome tydeleg fram i handsaminga i kommunen. Dette kan til dømes vere saker der problemstillinga ikkje er omfatta av klagen, og/eller ikkje handsama i kommunen, sjølv om det ligg føre haldepunkt for mogleg naturfare. Vi har lagt ved brevet, og viser til nokre sitat frå brevet:

«Plan- og bygningsloven (pbl.) § 28-1 oppstiller et materielt sikkerhetskrav som må være



oppfylt før byggetillatelse kan gis. Det er tiltakshaver eller ansvarlig søker som har ansvaret for å dokumentere at tiltaket har tilstrekkelig sikkerhet mot naturfarer. I søknadsbehandlingen må kommunen vurdere om kravet i pbl. § 28-1 er oppfylt, der den gjennom for eksempel kartgrunnlag, planopplysninger eller annen kjent kunnskap har konkrete opplysninger om mulig fare.

Statsforvalteren kan som klageinstans prøve om kravet til tilstrekkelig sikkerhet i pbl. § 28-1 er oppfylt, selv om dette ikke er anført av klageren. Det foreligger imidlertid ikke en automatisk plikt til å oppheve alle byggetillatelser under marin grense hvor denne dokumentasjon manglet i den opprinnelige søknaden.

Dersom saken ikke er tilstrekkelig opplyst til at Statsforvalteren som klageinstans kan ta stilling til om sikkerhetskravet i pbl. § 28-1 er oppfylt, kan tillatelsen ikke uten videre stadfestes. Statsforvalteren må da enten innhente nødvendig dokumentasjon i klagebehandlingen for å kunne ta stilling til om kravet i pbl. § 28-1 er oppfylt, eller oppheve kommunens vedtak og sende saken tilbake for ny behandling.

Tilsvarende utgangspunkter gjelder for andre naturfarer, men vurderingen må alltid være konkret og ta utgangspunkt i den aktuelle faren og tiltaket.

.....

Departementet er enig i at det kan være hensiktsmessig at Statsforvalteren sender et informasjonsskriv til kommunene om kommunenes plikt til å vurdere pbl. § 28-1 i byggesaker der det foreligger opplysninger om mulig naturfare. Et slikt informasjonsskriv kan bidra til lik praksis, og til å redusere antallet saker der manglende eller mangelfull vurdering av pbl. § 28-1 først avdekkes i klageomgangen.

I et eventuelt informasjonsskriv bør det tydeliggjøres at kommunene må være særlig oppmerksomme på byggesaker under marin grense, byggesaker innenfor aktsomhetsområder og byggesaker der plan ikke har avklart den aktuelle naturfaren. Det bør også opplyses om at det å krysse av i et søknadsskjema om at det ikke foreligger fare, ikke uten videre er tilstrekkelig der kommunen har konkrete opplysninger som tilsier at pbl. § 28-1 må vurderes.»

Vi viser til det fullstendige brevet, som er lagt ved, og legg til grunn at kommunane gjer seg kjende med dette. Statsforvaltaren vil framover ha ein praksis i klagesakene som er i tråd med rettleiinga frå KDD.

Manglande vurdering av naturfare der det ligg føre haldepunkt for slik fare, kan føre til oppheving av vedtaket uavhengig av om det er gjort gjeldande som klagegrunn, dersom mangelen kan ha verka inn på vedtaket, . Regelen i forvaltningslova § 41 gjeld, og føreseigna seier at vedtaket likevel er gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket.

4. Konsekvensutgreiing i plan – kommentarar om enkelte tema

4.1. Generelt

Det følgjer av forvaltningslova § 17 at ei sak skal vere «så godt opplyst som mulig før vedtak treffes». For plansaker vert regelen i forvaltningslova for overordna, og nærmare utgreiingskrav er difor



konkretiserte i plan- og bygningslova kapittel 4. Krava til konsekvensutgreiing (KU) for detaljreguleringsplanar følgjer av plan- og bygningslova § 12-10 første ledd siste setning, jf. § 4-2 med tilhøyrande forskrift (KU-forskrifta).

Ved handsaming av klager på reguleringsplan, kan klagepunkta gjelde spørsmål om konsekvensutgreiing. Nedanfor under punkt 4.2 til 4.4 nemner vi nokre aktuelle problemstillingar for konsekvensutgreiinga, og konsekvensar av at reglane for KU ikkje er følgde.

4.2. KU på kommuneplannivå og på tiltaksnivå

Dei norske reglane om konsekvensutgreiingar er utarbeidde for å vere i tråd med to EU-direktiv⁵ om miljøutgreiingar, der det eine direktivet gjeld overordna nivå, og det andre gjeld tiltaksnivået. Sjølv om dette er samla i eitt regelverk om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova og KU-forskrifta, er føresetnaden likevel at det gjeld krav til konsekvensutgreiing både på overordna nivå og tiltaksnivå. Dette går og fram av rettleiaren [Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven](#) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet punkt 1.1:

«I norsk sammenheng betyr det at selv om arealbruk er konsekvensutredet i en overordnet plan, er ikke senere regulering fritatt KU-plikt. Kravene til utredninger av reguleringsplaner for gjennomføring av konkrete tiltak, er mer detaljerte enn kravene til utredning av overordnede planer, jf. skillet mellom utredningskrav i SEA-direktivet og tilsvarende krav etter EIA-direktivet.»

Dette er også forklart i boka *Konsekvensutredninger*, Holth og Winge, 2014, kapittel 1.3:

«Slik som i EU-retten kan man også i norsk rett skille mellom KU-plikt på overordnet plannivå og på tiltaksnivå. Under kategorien overordnede planer omfattes regionale planer, fylkesdelsplaner, kommuneplanens arealdel og kommunedelplaner. Reguleringsplaner knyttet til utbyggingstiltak, samt tiltak som konsesjonsbehandles etter energilovgivningen faller på sin side under den andre kategorien.

Planer for områderegulering kan på sin side falle inn under begge kategorier. Områderegulering er å anse som overordnede planer dersom planen forutsetter en mer detaljert reguleringsplan. På den andre siden kan områderegulering falle inn under tiltakskategorien dersom den gir selvstendig grunnlag for senere byggetillatelser.

.....

Skillet mellom KU-plikt på overordnet plannivå og på tiltaksnivå har flere betydninger. Blant annet vil KU på overordnet plannivå skje i regi av kommuner og fylkeskommuner, mens KU på tiltaksnivå i stor utstrekning vil skje i regi av private tiltakshavere. Videre vil det være forskjeller med hensyn til graden av detaljnivå i utredningene. Mens KU på overordnet nivå stort sett går ut på en grovkissert utredning og vurdering av forskjellige arealstrategier, vil KU på tiltaksnivå være langt mer detaljert med hensyn til utredning av et konkret tiltak og dets virkninger på lokale forhold.

....»

⁵ EIA-direktivet omfatter vedtak om gjennomføring av tiltak (*Direktiv 2011/92/EU og revidert direktiv 2014/52/EU. «On the assessment of the effects of certain public and private projects on the environment»*), og SEA-direktivet (*Direktiv 2001/42/EC. «On the assessment of the effects of certain plans and programmes on the environment»*) omfatter planer og programmer som legger føringer for senere vedtak om gjennomføring av tiltakene nevnt i EIA-direktivet.



Det vil seie at det ikkje er avgjerande om det er gjort konsekvensutgreiing i kommuneplanens arealdel eller områdereguleringsplan. Det må vurderast konkret om det er krav til konsekvensutgreiing på tiltaksnivå for den enkelte reguleringsplanen, sjølv om det tidlegare er gjort konsekvensutgreiing i kommuneplanens arealdel eller områdereguleringsplan. Vi ser at dette kjem fram i ordlyden i KU-forskrifta; unntaka i KU-forskrifta § 6 første ledd bokstav b og § 8 første ledd bokstav a gjeld berre der *«det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen»* (vår understreking).

4.3. Alternativvurderingar

Det går fram av KU-forskrifta at det er krav til å gjere alternativvurderingar ved utarbeiding av reguleringsplan. Det følgjer av § 14 første ledd bokstav c at *«Et planprogram og en melding med forslag til utredningsprogram skal inneholde en beskrivelse av relevante og realistiske alternativer og hvordan disse skal vurderes i konsekvensutredningen.»*

Det følgjer vidare av § 19 andre ledd at *«Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå.»*

Kravet til alternativvurderingar er gjennomgått i [fråsegn frå Sivilombudet 20.12.2022 \(2022/1343\)](#) . Her seier ombudet mellom anna at det er eit krav til alternativvurderingar både ved planprogram etter KU-forskrifta § 14, men også generelt for konsekvensutgreiingar, jf. KU-forskrifta § 19. Ombudet viser til at kommunen må gjere ei forsvarleg vurdering av om det finst relevante og realistiske alternativ, og at kravet må sjåast i lys av planen, jf. fråsegna avsnitt 48- 50:

«Departementet har i sine svar til ombudet uttalt at man ikke kan «forvente ... at kommunene gjennomfører en full konsekvensutredning av alle alternativer som kan være aktuelle». Som nevnt over, uttaler departementet videre at «[h]va som er relevante og realistiske alternativer, beror på planmyndighetens skjønnsmessige vurdering».

Ombudet er enig i at utvelgelsen av hvilke alternativer som skal utredes nærmere i konsekvensutredningen, til en viss grad må bero på et skjønn. Det må imidlertid forutsettes at kommunen gjør en forsvarlig vurdering av om det finnes relevante og realistiske alternativer som skal utredes nærmere. Hvor omfattende vurderinger og utredninger som kreves, må etter ombudets syn ses i lys av hvor omfattende og komplisert planen er, og hvor store konsekvenser den kan medføre. Som departementet har pekt på, følger det av kuf § 17 første ledd andre punktum at «[k]onsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen eller tiltaket». I forarbeidene til pbl. § 4-1 om planprogram heter det tilsvarende at «[h]vor grundig prosessen vil måtte være, beror på hvor omfattende og komplisert planen er», se Ot.prp. nr. 32 (2007-2008), spesialmerknadene til bestemmelsen.»

.....

«Ombudet legger etter dette til grunn at konsekvensutredningsforskriften krever at det gjøres en vurdering av om det eksisterer relevante og realistiske alternativer til plasseringen av den planlagte virksomheten, som i så fall skal utredes nærmere i konsekvensutredningen. Hvor bredt man skal gå ut for å undersøke om det eksisterer relevante og realistiske alternative lokaliteter, og utvelgelsen av hvilke av disse som skal konsekvensutredes nærmere, må til en viss grad være overlatt til planmyndighetens skjønn. Omfanget av vurderingene og utredningene må imidlertid være forsvarlige sett i lys av planens omfang og konsekvenser. Som vist i punkt 2.1, må det gis en begrunnelse for valgene som er tatt, samt dokumentasjon for alternativene som er forkastet.»



Vi viser til den fullstendige fråsegna frå Sivilombodet, som går grundig gjennom fleire sider ved alternativvurderingar. Mellom anna kjem ombodet med synspunkt på kravet til alternativvurderingar på dei ulike plannivåa, og samanhengen mellom desse.

Når det gjeld null-alternativet, viser vi til rettleiar M-1941 punkt [1.1 Nullalternativ og alternativer - miljødirektoratet.no](#), og til tolkingsfråsegn frå Kommunal- distriktsdepartementet; [Nullalternativet etter forskrift om konsekvensutredninger § 20 - regjeringen.no](#). Her går mellom anna følgjande fram:

«På bakgrunn av rettskildebildet gjengitt over finner departementet at beskrivelsen av nullalternativet etter § 20 skal omfatte hvordan den faktiske miljøtilstanden antas å utvikle seg dersom den nye planen ikke gjennomføres. Der det er relevant bør beskrivelsen i tillegg omfatte antatt utvikling dersom området utvikles i tråd med gjeldende plan. Departementet mener det i slike tilfeller må vurderes konkret om den gjeldende planen er et realistisk alternativ. I den konkrete vurderingen av om gjeldende plan gir uttrykk for en realistisk arealbruk, vil det være sentralt om det etter planens vedtakelse har kommet nye, relevante styringsdokumenter eller ny, relevant kunnskap. Planens alder vil også inngå som et relevant moment i denne vurderingen.

Når det er sagt, erfarer departementet at det ofte legges uforholdsmessig mye vekt på gjeldende plangrunnlag ved fremstillingen av konsekvens av nye planforslag. Departementet vil understreke at beskrivelsen av antatt utvikling hvis planen eller tiltaket ikke gjennomføres (nullalternativet), kun skal være en referanseramme for vurderingen av planforslaget. Konsekvensutredningen skal alltid gi en beskrivelse av den nåværende miljøtilstanden etter § 20. Den skal også vise planforslagets konsekvenser opp mot de verdiene som blir berørt, jf. § 21.»

4.4. Konsekvens av manglar ved KU –vurdering av ugyldigheit

Der reglane om konsekvensutgreiing ikkje er følgde, vert det spørsmål om reguleringsplanen likevel er gyldig, trass i manglane.

Regelen i forvaltningslova § 41 gjeld, og føresegna seier at vedtaket likevel er gyldig når det er grunn til å rekne med at feilen ikkje kan ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket.

Høgsterett har uttalt om fvl. § 41 i Rt. 2009 s. 661 (ambassadesaka) i avsnitt 71 at «*I dette ligger ikke et krav om sannsynlighetsovervekt for at feilen har fått betydning. Det er tilstrekkelig med en ikke helt fjerntliggende mulighet.*».

Vidare skriv Høgsterett i avsnitt 72:

«... Der saksbehandlingsfeilen har ledet til mangelfullt eller uriktig avgjørelsesgrunnlag på et punkt av betydning for vedtaket, eller feilen på annen måte innebærer tilsidesettelse av grunnleggende fordringer til forsvarlig behandling, skal det gjennomgående nokså lite til. Sammenholdt med de interesser som skal ivaretas gjennom reglene om konsekvensutredning, og den komplekse utredningsprosessen det der legges opp til, vil veien frem til ugyldighet derfor kunne være kort når saksbehandlingsfeilen består i manglende eller mangelfull konsekvensutredning. Men noen automatikk er det ikke tale om. Og det er etter mitt syn heller ikke rom for en alminnelig presumsjon for innvirkning, slik de ankende parter har tatt til orde for. En slik presumsjon ville representere en ugrunnet stor vektning av form fremfor innhold. Det kan ikke tas for gitt at de hensyn og interesser som skal ivaretas gjennom reglene for konsekvensutredning, i en konkret sak ikke også kan ivaretas innenfor rammene av en ordinær planbehandling. I forhold til innvirkningskriteriet må man etter mitt syn derfor gå konkret til verks, og knytte undersøkelsen til de enkelte påberopte avvik fra den saksbehandlingen som skulle ha vært fulgt dersom det var gjennomført konsekvensutredning i den aktuelle saken.»



I Rt. 2017 s. 2247 A har Høgsterett summert vurderingstemaet slik i avsnitt 97:

«Det skal altså ikke mye til. Men det må ut fra de konkrete forholdene i saken – bevissituasjonen – være en reell mulighet for at feilen har fått betydning for vedtakets innhold».

I ei klagesak der reglane om konsekvensutgreiing ikkje er følgde, vil Statsforvaltaren ved prøvinga ta stilling til om reglane for konsekvensutgreiing er følgde, og dersom ikkje, om feilen kan ha fått betydning for reguleringsplanen. Spørsmålet vert då om det var ein reell moglegheit for at kommunestyret ville teke ei anna avgjerd for planområdet dersom reglane for planprogram og konsekvensutgreiing blei følgde. Døme på andre avgjerder enn å vedta planen i tråd med planframlegget, kan vere å stanse planarbeidet, endre plangrensa, gjere endringar i reguleringsføre mål eller vedta førese gner med eit anna innhald.

5. Plikta til å sjå til at planar er oppdaterte

Vi nyttar med dette høvet til å minne kommunane om plikta til å sjå til at planar er oppdaterte. Vi gjev difor ei generell rettleiing om regelverket for dette.

Plan- og bygningslova § 12-4 femte ledd seier følgjande:

«Er bygge- og anleggstiltak som hjemles i plan fremmet med bakgrunn i privat reguleringsforslag etter [§ 12-11](#), ikke satt i gang senest ti år etter at planen er vedtatt, skal kommunen før avgjørelse av byggesøknad for nye utbyggingsområder etter planen, påse at planen i nødvendig grad er oppdatert. Tiltakshaver er ansvarlig for å skaffe nødvendige opplysninger og dokumentasjon for kommunens vurdering.»

Vi ser at det er eit gjennomgåande behov for at kommunane i fylket i større grad vurderer om eldre planar er oppdaterte, og denne «påse»-plikta etter § 12-4 femte ledd ligg på kommunen.

Fristen på ti år medfører ikkje nokon rettsverknad for sjølve reguleringsplanen, men uløyser ei plikt for kommunen ved søknad om større byggetiltak i medhald av planen. Regelen må også sjåast i lys av den generelle plikta kommunen har til å syte for eit nødvendig og forsvarleg oppdatert planverk, sjå m.a. pbl. § 3-2 og § 12-1 andre avsnitt. Denne plikta gjeld uavhengig av alder og kva lowerk planane er vedtekne etter.

Regelen i § 12-4 femte ledd må altså forståast som at førese gna gjev kommunen ei særleg oppmoding og plikt til å vurdere kvaliteten på detaljreguleringsplanar som er eldre enn ti år, og som i si tid vart fremja etter § 12-11 som eit privat reguleringsplanframlegg.

Spørsmålet om planen er oppdatert i nødvendig grad, bør vanlegvis takast opp av kommunen i førehandskonferanse etter § 21-1, dersom planen tilseier det og slik konferanse vert gjennomført. Eventuelt bør kommunen ta spørsmålet opp med tiltakshavaren seinast i samband med mottak av søknad om løyve etter kapittel 21.

Lovregelen i § 12-4 verkar saman med, og kan vere avgrensa av, andre reglar i lova og byggesaksforskrifta. Kommunen og tiltakshavaren har høve til å avtale lengre sakshandsamingsfrist enn det som følgjer av pbl. § 21-7. Dette følgjer av pbl. § 21-8 andre ledd. Dette medfører at det er den nye fristen som er utgangspunkt for kva plangrunnlag som skal brukast i byggjesaka, jf. 21-7 femte ledd og for kva frist som gjeld for å varsle og å leggje ned mellombels forbod mot tiltak, jf. pbl. § 13-1 andre ledd. Slik vil ein kunne leggje til rette for meir tid til avklaringar av viktige spørsmål i saka.



Dersom kommunen ikkje vert einig med tiltakshavaren om kva oppdatert plandokumentasjon som krevst, og kommunen heller ikkje finn det forsvarleg å gje løyve i medhald av planen slik han er, må kommunen om nødvendig vurdere mellombels forbod etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 13, med sikte på omregulering eller oppheving av gjeldande reguleringsplan.

6. Oversending av klagesaker frå kommunane

Ved oversending av saker etter plan- og bygningslova til Statsforvaltaren, minner vi om følgjande:

Vi ønskjer at sakene vert sende med eit oversendingsbrev der følgjande kjem fram:

- Kva sak det er ; slik at vi raskt kan sjå om det er ei sak som er sendt oss til uttale, eit vedtak frå kommunen for klagevurdering (der Statsforvaltaren har klagerett etter pbl § 1-9 tredje ledd), eller ei klagesak til handsaming av Statsforvaltaren som klageinstans.
- Opplysningar om adresse, gnr./bnr., klagar, tiltakshavar, tiltak, mv.
- Ein kortfatta omtale av saka.
- Opplysningar om ev. sensitiv informasjon og kvar i saka denne finst
- Om det er gitt utsetting iverksetting av vedtaket, eller om parten har bede om at Statsforvaltaren gir utsett iverksetting
- Opplysning til parten om at sakshandsamingstida hjå Statsforvaltaren til vanleg er tre månader.

Det skal leggjast ved relevante saksdokument, det er ikkje ønskjeleg med lenker til kommunens sider med saksdokument. Kommunane må velje ut dei dokumenta som er nødvendige for klagehandsaminga.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Tilbakemelding på spørsmål om pbl. § 28-1 - klageinstansens håndtering av manglende dokumentasjon for naturfare



Mottakerliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD



Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD